

Meland kommune,  
Frekhaug.

Som leiar i det nyvalde styret for Sameige Lonerenen 63 Nord D, har eg gått gjennom det økonomiske i sameiget.

Det ser ut som det har vore lite styring i sameiget i fleire år. Dei som var registrert i styret til Brønnøysundregisteret, hadde flytta frå Lonerenen for fleire år sidan. Dette har me no retta opp. No har me eit fungerande styre. Me vil også knyta til oss ein forretningsfører frå og med dette året.

Ser og at det ikkje er sendt ut rekning frå sameiget til kommunen årleg slik det skal gjerast. Dette seier me oss svært leie for, og lovar betring frå i år.

Ved gjennomgang av bankutskrifter, finn eg 2 postar frå kommunen. 2010 : 18/6 kr 8466,50 og 2012: 15/3 kr 7200. Tilsaman kr 15666,50.

Fellesutgiftene fram til 1/1 -17, har vore kr 300. slik har kommunen betalt for 5 år og 2 mnd. Sidan eg ikkje veit når i 2008 kommunen overtok husværet, har eg rekna frå 2009. Slik finn eg ut at der er betalt fram til 1/3 -14. Så er det kr 66,50 som ikkje «passar» inn.

Sett at dette er rett, er den resterande summen for fellesutgifter frå 1/3 -14 til 31/12 -16 =33 mnd a kr 300 = kr 9900.

Dette er summen eg finn ut må vera tilnærma rett.

Me seier oss leie for at dette ikkje har vore ordnaopp i årleg slik det skulle ha vore. Har de andre opplysningar som eg ikkje har fått med meg, er eg glad for attendemelding.

Ktonr er 36325634639.

Frekhaug 22.03.2017.

For styret  
*Svanlaug Austgulen*  
Svanlaug Austgulen